



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 23.02.2017
Møtetid: 15.00 - 19.50
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert 1 varamedlem.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Nils Arne Aadland (Ap)	Øyvind Strømmen (MDG)

Andre som var til stades på møtet:

Økonomisjef Erdal under skriv og meldingar. Rådmann Ramsli og ass.rådmann Våge under heile møtet. Sektorleiar for oppvekst og kultur Ragnhildstveit møtte under sak 07/17.

Møteleiar:	Knut Harald Frøland (Bl)
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Merknader:

Arild Røen (H) er ugild i sak 04/17. Sture Tveit (H) møtte som vara underhandsaminga. Øyvind Strømmen (MDG) fekk permisjon frå sak 02/17, kl. 16.45

Orienteringar/meldingar:	<p><u>Ordførar orienterte;</u></p> <ul style="list-style-type: none">- Revitalisering Ytre-Tysse. SK har fått kr 126.500 i tilskot til prosjektet. Monica Tjønnå (Sp) ønska få vurdert om ungdomsklubb kunne gå inn i prosjektet.-Møte om framtidig samarbeid mellom Samnanger, Kvam, Osterøy og Vaksdal.-Tesla ønskjer hurtiglader på Bjørkhheim.-JS Norge ønskjer å lage brosjyre om kommunen, som finansierast av næringslivet. Ordførar inngår avtale.-Prosedyre i samband med gravferd. Ordførar sjekkar praksis i andre kommunar.-Ordbruk frå talarstolen.-Overtar biblioteklokala 3 mars. <p><u>Ass.rådmann orienterte;</u></p> <p>Kommunal eigedom og areal som kan seljast, og vist ei oversikt over kommunale eigedomar. Ericajordet og Ulland må og kome med i oversikta. Utvalet ønska ei eiga sak på eigedomar som er aktuelle å leggje ut for sal.</p>
---------------------------------	--

	<p>-Rassikring i Totræna – Det er nødvendig med strakstiltak for å rassikre nedste del av vegen. Avtale er inngått med grunneigar. Det er avklara med FM om å gå i gang utan reguleringsplan. SK har sendt søknad om dispensasjon for å starte omlegging av vegen snarast. Byggesøknaden er under handsaming.</p> <p><u>Rådmann orienterte:</u> Overbelegg på sjukeheimen pga. utskrivingsklare pasientar eit par dagar. Økonomisjefen orienterte om rekneskapen for 2016. Kommunen har eit overskot på 2,26 millionar.</p>
<p>Utvalet sitt kvarter:</p>	<p><u>Inge Aasgaard (Krf)</u> stilte spørsmål om status for sal av prestebustad. Ass.rådmann orienterte takst og tilbod frå kjøpar og at kommunen ikkje kan goda dette bodet. Kommunen vil vurdera eit eventuelt motbod og er i dialog med kjøpar.</p> <p><u>Odd Arne Haga (Frp)</u> stilte spørsmål om muligheit for rekneskapsrapportering til kvart formannskapsmøte. Økonomisjefen orienterte om at einingane rapporterer til rådmann kvar månad og at rådmannen rapporterer med tertialrapport til formannskap og kommunestyre, jf. økonomiregelementet. Økonomikontoret har pr i dag ikkje kapasitet til å hyppigare rapportering.</p>
<p>Dokument utlevert i møtet/ettersendt:</p>	<p>Presentasjonen til økonomisjefen over rekneskapen for 2016.</p>

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 02.03.2017

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/17	17/309	Faste saker	
002/17	16/930	Finansiering av analysearbeider i samanheng med mogeleg etablering av datasenter i Samnanger kommune	
003/17	16/1019	Konstituering i stilling som rådmann	
004/17	16/1005	Søknad om arrangementstøtte til NM i orientering 2017	
005/17	15/867	Avvikling av styringsgruppe for budsjett og økonomiplan 2017-20	
006/17	11/523	Oppmoding om økonomisk støtte til anke til høgsterett i sak om eigedomsskatt på nettanlegg.	
007/17	17/262	Ekstra klasse ved Samnanger barneskule haust 2017	
008/17	12/11	Kjøp av mindre kommunal teig - gbnr 26/7	
009/17	17/259	Overføring av restmidlar på investeringsprosjekt frå 2016 til 2017.	
010/17	16/737	Klage på vedtak - Skjenkeløyve alkoholhaldig drykk - RS Sikkerhet AS i lokale Varmestova til Eikedalen skisenter AS	
011/17	11/654	Skuleruta Samnanger kommune 2017 – 2018	

SAKNR. 001/17
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Saklista vart godkjent med følgjande endring: Sak 04/17 vart handsama før sak 01/17 og sak 07/17 vart handsama før sak 03/17.

Utvalet sitt kvarter:

Inge Aasgaard (Krf) stilte spørsmål om status for sal av prestebustad». Ass.rådmann orienterte takst og tilbod frå kjøpar og at kommunen ikkje kan goda dette bodet. Kommunen vil vurdere eit eventuelt motbod og er i dialog med kjøpar.

Odd Arne Haga (Frp) stilte spørsmål om muligheit for rekneskapsrapportering til kvart formannskapsmøte. Økonomisjefen orienterte om at einingane rapporterer til rådmann kvar månad og at rådmannen rapporterer med tertialrapport til formannskap og kommunestyre, jf økonomiregelementet. Økonomikontoret har pr. i dag ikkje kapasitet til å hyppigare rapportering.

FORM-001/17 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/17

**FINANSIERING AV ANALYSEARBEIDER I SAMANHENG MED MOGELEG
ETABLERING AV DATASENTER I SAMNANGER KOMMUNE**

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune løyver kr. 75.000,- eks. mva. til innleiande arbeider for etablering av datasenter i Samnanger kommune. Finansiering hentast frå næringsfondet som pr. 01.01.16 er på kr. 930.000.

23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-002/17 VEDTAK:

Samnanger kommune løyver kr. 75.000,- eks. mva. til innleiande arbeider for etablering av datasenter i Samnanger kommune. Finansiering hentast frå næringsfondet som pr. 01.01.16 er på kr. 930.000.

SAKNR. 003/17

KONSTITUERING I STILLING SOM RÅDMANN

Ordføreren sitt framlegg til vedtak:

Hilde-Lill Våge vert konstituert som rådmann i Samnanger kommune med verknad frå 01.03.2017 og fram til ny fast rådmann startar i stillinga.

Hilde-Lill Våge får same årsløn som noverande rådmann har pr. 28.02.2017. Dersom konstitueringa varer lenger enn til 01.05.2017, vil ho òg ha rett til å få løna vurdert pr. 01.05.2017, jf. reglar i Hovudtariffavtalen, kapitel 3, § 3.4.

Konstituert rådmann utpeikar sjølv kven som skal vera hennar stadfortredar i konstitueringsperioden. Stadfortredar må vera ein av sektorleiarane.

23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Ass.rådmann Våge gjekk ifrå under handsaming av saka, jf. FLV § Tiltrådinga vart samrøystes vedteke.

FORM-003/17 VEDTAK:

Hilde-Lill Våge vert konstituert som rådmann i Samnanger kommune med verknad frå 01.03.2017 og fram til ny fast rådmann startar i stillinga.

Hilde-Lill Våge får same årsløn som noverande rådmann har pr. 28.02.2017. Dersom konstitueringa varer lenger enn til 01.05.2017, vil ho òg ha rett til å få løna vurdert pr. 01.05.2017, jf. reglar i Hovudtariffavtalen, kapitel 3, § 3.4.

Konstituert rådmann utpeikar sjølv kven som skal vera hennar stadfortredar i konstitueringsperioden. Stadfortredar må vera ein av sektorleiarane.

SAKNR. 004/17

SØKNAD OM ARRANGEMENTSTØTTE TIL NM I ORIENTERING 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune støttar Samnanger idrettslag og Varegg idrettslag med kr 10 000 til arrangementet NM-Ultralang 2017.

Utgifta vert belasta budsjettkonto 11402.1400.3251 (Næringsføremål – marknadsføring/informasjon).

23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Arild Røen (H) var ugild i sak jf. FVL § 6 e og gjekk ifrå. Sture Tveit (H) deltok i handsaminga.

Utvalet sett fram fellesframlegg : som rådmannen men med - auke tilskotet til kr. 20.000. Det vart røysta alternativt over framlegget frå rådmannen og fellesframlegget. Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-004/17 VEDTAK:

Samnanger kommune støttar Samnanger idrettslag og Varegg idrettslag med kr 20 000 til arrangementet NM-Ultralang 2017.

Utgifta vert belasta budsjettkonto 11402.1400.3251 (Næringsføremål – marknadsføring/informasjon).

SAKNR. 005/17

AVVIKLING AV STYRINGSGRUPPE FOR BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2017-20

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet økonomisk analyse vert avslutta og styringsgruppa for prosjektet vert avvikla.

23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sette fram følgjande tilleggsframlegg:» Kommunestyret skal fortsette arbeide vidare med å få ein sunn økonomi, og det er ei målsetting å auka dei kommunale fonda.».
Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg med tillegget. Det vart samrøystes vedteke.

FORM-005/17 VEDTAK:

Prosjektet økonomisk analyse vert avslutta og styringsgruppa for prosjektet vert avvikla. Kommunestyret skal fortsette arbeide vidare med å få ein sunn økonomi, og det er ei målsetting å auka dei kommunale fonda.

SAKNR. 006/17

OPPMODING OM ØKONOMISK STØTTE TIL ANKE TIL HØGSTERETT I SAK OM EIGEDOMSSKATT PÅ NETTANLEGG.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gir støtte til kommunane Hjelmeland, Evje og Hornes, samt Hol kommune med til saman kr 20 000. Beløpet vert betalt inn på konto 1503.70.57247 og vert merka med «Eigedomsskattetvist mot Statnett» .

Finansiering er næringsfondet. Dersom kommunane vinn fram i Høgsterett og vert tilkjent sakskostnadane vil innbetalt beløp bli tilbakebetalt.

Saka skal opp i Høgsterett 7.-10. mars 2017.

23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-006/17 VEDTAK:

Samnanger kommune gir støtte til kommunane Hjelmeland, Evje og Hornes, samt Hol kommune med til saman kr 20 000. Beløpet vert betalt inn på konto 1503.70.57247 og vert merka med «Eigedomsskattetvist mot Statnett» .

Finansiering er næringsfondet. Dersom kommunane vinn fram i Høgsterett og vert tilkjent sakskostnadane vil innbetalt beløp bli tilbakebetalt.

Saka skal opp i Høgsterett 7.-10. mars 2017.

SAKNR. 007/17

EKSTRA KLASSE VED SAMNANGER BARNESKULE HAUST 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Dersom det blir deling av 1. klasse ved Samnanger barneskule hausten 2017 (jf. kommunestyrevedtak 028/13), skal utgifter i samband med dette finansierast av auken i tilskotet som kommunen får til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.- 4. trinn.

23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Inge Aasgaard (Krf) er inspektør ved Samnanger barneskule. Han bad utvalet vurderer om han var ugild i saka og gjekk i frå, FVL§ 6 2 ledd. Utvalet drøfta saka og fann Aasgaard gild i saka.

Olaug Øystese (Ap) bad om å få utsette saka. Formannskapet røysta over å utsettingsframlegget som vart vedteke med 7 mot 1 røyst. Inge Aasgaard (Krf) røysta imot.

FORM-007/17 VEDTAK:

Saka vart utsett.

SAKNR. 008/17

KJØP AV MINDRE KOMMUNAL TEIG - GBNR 26/7

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sigmund Solvang sin søknad om å kjøpa ein mindre teig frå kommunen vert imøtekomen. Prisen vert sett til kr 5,- pr m2.

23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-008/17 VEDTAK:

Sigmund Solvang sin søknad om å kjøpa ein mindre teig frå kommunen vert imøtekomen. Prisen vert sett til kr 5,- pr m2.

SAKNR. 009/17

OVERFØRING AV RESTMIDLAR PÅ INVESTERINGSPROSJEKT FRÅ 2016 TIL 2017.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det er to investeringsprosjekt som starta opp i 2016 og som vil bli avslutta i 2017. Begge prosjekta er budsjetterte med alle utgifter og finansiering i 2016. Unytta midlar vert overførte til 2017.

Prosjekta det gjeld er :

- VVA og park på Bjørkheim:
 - Sum unytta midlar pr. 31.12.16 til veg, park, vatn og avløpkr 5 173 302
 - Finansiering , nytt ubunde investeringsfond kr - 480 000
 - Finansiering, momskompensasjon veg og park kr - 677 000
 - Finansiering lånemidlar tatt opp tidlegare kr -4 018 302

- Krøllgrasbane i Hagabotnane:
 - Sum unytta midlar pr. 31.12.16 kr 5 546 870
 - Finansiering , tilskot frå private kr - 100 000
 - Finansiering, nytt ubunde investeringsfond kr - 2 584 212
 - Finansiering, Sima – Samnanger fond kr - 1 752 158
 - Finansiering , momskompensasjon kr - 1 110 500

23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-009/17 VEDTAK:

Det er to investeringsprosjekt som starta opp i 2016 og som vil bli avslutta i 2017. Begge prosjekta er budsjetterte med alle utgifter og finansiering i 2016. Unytta midlar vert overførte til 2017.

Prosjekta det gjeld er :

- VVA og park på Bjørkheim:
 - Sum unytta midlar pr. 31.12.16 til veg, park, vatn og avløpkr 5 173 302
 - Finansiering , nytt ubunde investeringsfond kr - 480 000
 - Finansiering, momskompensasjon veg og park kr - 677 000
 - Finansiering lånemidlar tatt opp tidlegare kr -4 018 302

- Krøllgrasbane i Hagabotnane:
 - Sum unytta midlar pr. 31.12.16 kr 5 546 870
 - Finansiering , tilskot frå private kr - 100 000
 - Finansiering, nytt ubunde investeringsfond kr - 2 584 212
 - Finansiering, Sima – Samnanger fond kr - 1 752 158
 - Finansiering , momskompensasjon kr - 1 110 500

SAKNR. 010/17

**KLAGE PÅ VEDTAK - SKJENKELØYVE ALKOHOLHALDIG DRYKK - RS
SIKKERHET AS I LOKALE VARMESTOVA TIL EIKEDALEN SKISENTER AS**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp): Sette fram framlegg om å sende saka over til kommunestyret utan tilråding. Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-010/17 VEDTAK:

Saka vert send til kommunestyret utan tilråding.

SAKNR. 011/17

SKULERUTA SAMNANGER KOMMUNE 2017 - 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skuleruta 2017-2018 for Samnanger kommune vert vedteken slik den ligg føre.

23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-011/17 VEDTAK:

Skuleruta 2017-2018 for Samnanger kommune vert vedteken slik den ligg føre.

